

# *Informasjon ved skulestart*

## **2022 - 23**



## **Stord ungdomsskule**

ein god skule - mitt ansvar



Adresse: Vikahaugen , 5411 STORD.

Telefon: 53 40 44 40

E - post: [stord-u.skule@stord.kommune.no](mailto:stord-u.skule@stord.kommune.no)

Kontor: Inger Saue 53 40 44 40  
[stord.ungdomsskule@stord.kommune.no](mailto:stord.ungdomsskule@stord.kommune.no)

alle dagar kl. 08.00-14.30

Rektor: Rune Valvatne Ask 53 40 44 42  
[rune.valvatne.ask@stord.kommune.no](mailto:rune.valvatne.ask@stord.kommune.no)

Ass. rektor : Rune Nilsen 53 40 44 44  
[rune.nilsen@stord.kommune.no](mailto:rune.nilsen@stord.kommune.no)

Rådgjevar: Rune Eide 53 40 44 46  
[rune.eide@stord.kommune.no](mailto:rune.eide@stord.kommune.no)

# Stord ungdomsskule 2022-23



*Visjon:...ein god skule - mitt ansvar  
Ansvaret ligg hos elevane, lærarane,  
administrasjonen, føresette og andre tilsette.*

## OVERORDNA MÅL

*Me vil utvikla ein elev som.....*

Har god fagkunnskap - Er nysgjerrig og kreativ - Viser innsats og er uthaldande -  
Trivest og er trygg på skulen - Får trua på seg sjølv ved å lukkast - Får utvikla sine sterke  
sider - Viser ansvar, samarbeider og tek omsyn til andre.

*.....gjennom fokus på mål, val av lærestoff, val av metodar, gjennomføring og vurdering!*

## VERKTØY FOR Å NÅ MÅLA:

### Organisering av skuledagen.

1.t.	08.30-09.15	
2.t.	09.15-10.00	pause 10.00-10.15
3.t.	10.15-11.00	pause 11.00-11.30
4.t.	11.30-12.15	pause 12.15-12.30
5.t.	12.30-13.15	
6.t.	13.15-14.00	
(7.t.	14.00 -14.30)	(kun onsdagar)

### Arbeidsplan.

Konkrete og målbare mål for alle fag  
Nivådelte i ulike vanskegrad og mengde  
Elevane vel målsetjing, lærestoff,  
vanskegrad og mengde ut frå planen

### Varierte arbeidsmetodar

Fokus på at eleven får arbeida på den måten ein- ved å velja vanskegrad på arbeidet sitt  
lærer best, og at det er praktisk og variert. - ved å halda orden på skulen  
Det vert sett fokus på den einskilde elev sin - ved å planleggja sosiale aktivitetar  
læringsstrategi og arbeidsmåte. - ved å ta del i elevrådsarbeidet

### Elevmedverknad

### Varierte prøve og vurderingsformer

Fokus på måloppnåing  
Skriftlege og munnlege prøvar.  
Varier mellom "open bok", kjente spørsmål  
og "vanlege leseprøvar" m.m.  
Variera måten elevane presenterer kunnskapane sine på  
Elevane kjenner til vurderingskriteria på førehand

### Kvalitetssikring gjennom

- Nasjonale prøvar
- Elevundersøkinga/ Foreldreund.
- Skriftleg og munnleg eksamen
- Samtalar og tett samarbeid mellom  
elevar og føresette
- Tilsyn frå Statsforvaltaren

# Reglar for orden og åtferd ved Stord ungdomsskule

## Reglar for orden - eleven skal ;

- \* møta presis til skuletimar og til andre avtalar og halda seg på skuleområdet (sjå fig. under)
- \* følgja skulen sine reglar for melding av fråvær
- \* møta førebudd til opplæringa
- \* gjera arbeid til rett tid og halde fristar
- \* ha med seg naudsynleg utstyr og halda orden


## Åtferd og som ikkje vert akseptert ;

- \* å mobba eller på andre måtar krenka andre
- \* å ta bilete, filma eller gjera lydopptak av andre utan at det er gjeve samtykke
- \* å dela bilete, film eller lydopptak av andre utan at det er gjeve samtykke
- \* å utøva eller trua med vald
- \* å gjera hærverk, fuska eller forsøkja å fuska
- \* å ha med, bruka eller vera påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmiddel
- \* å røyka eller bruka tobakk/snus
- \* å nytta snop, chips, brus/energidrikk på skulen
- \* å ha med og/eller bruka farlege gjenstandar
- \* farleg leik i skuletida

## Reglar for åtferd - eleven skal ;

- \* visa alminneleg god åtferd
- \* vera til stades i opplæringa og halda seg på skulen sitt område om ikkje anna er sagt
- \* handsama alle med respekt, uansett kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsevne, seksuell orientering, m.m.  
Dette gjeld både tilsette, medelevar eller andre som elevane møter i skulekvardagen eller på digitale medium.
- \* bidra til eit godt skulemiljø
- \* retta seg etter beskjedar frå skulen sine tilsette
- \* ta vare på skulen og medelevar sine eigendelar
- \* visa nettvett og følgja skulen sine reglar for bruk av datautstyr og digitalt utstyr
- \* mobiltelefon skal oppbevarast i tråd med skulen sine retningslinjer og kan ikkje nyttast i skuletida utan at dette er avklart med skulen sine tilsette
- \* følgja skulens reglar for bruk av hjelpemiddel og spesialutstyr

## Skuleområdet til Stord ungdomsskule



## VIKTIGE PRESISERINGAR



### Syklar av ulikt slag:

Mange av elevane syklar til skulen. Flott med litt trim.

Syklane må setjast på oppstillingsplassane ved skulen og **må alltid vera låste.**



### Pengar og andre verdigjenstandar.

Me har dessverre hatt episodar der ting har blitt stolne i løpet av skuledagen. Sjølv om me arbeider aktivt for å unngå dette, så kan slikt henda igjen.

Elevane må passa godt på verdigjenstandar dei måtte ha med seg til skulen. Det kan vera slikt som pengar, mobiltelefonar o.l. Ein må **aldri** la desse liggja igjen på klasserom eller i garderobar. Bruk personleg elevskap til verdisaker ein må ha med seg på skulen.

Dersom ein elev **må** ha med ein større pengesum, kan denne leverast på kontoret om morgonen slik at me kan låsa den inn.

### Mobiltelefonbruk:



Me har eit ynskje om at skulekvardagen til elevane skal vera så mobilfri som råd er. Vel elevar å ha med seg mobil – skal denne i skuletida plasserast innelåst i eleven sitt skap.

### Skade på elevane sine personlege eigedeler:

Det hender stundom at det oppstår skadar på elevane sine personlege eigedeler. Det kan vera skadar på klede, briller, syklar osv. Slike skadar vert ikkje erstatta av skulen. Eleven kan få erstatning dersom skulen i ein gitt situasjon har handla på ein uansvarleg måte. Dette må vurderast i kvart einskild tilfelle.

### Hærverk på skulen:

Me er heldigvis lite plaga av hærverk på skulen. Dersom det likevel skulle oppstå skade på bygningar eller utstyr som ein elev har gjort, så har føresette erstatningsansvar for inntil kr. 5000,- for skade som er gjort av deira barn under 18 år jfr. skaderstatningslova § 1-2.

Skulen vil i slike saker vurderast å krevja erstatning.

Stord ungdomsskule, 12. august 2022

Rune V. Ask , rektor

# Informasjon om språkfag og valfag Stord ungdomsskule 2022-23

## SPRÅKFAG

Spansk	Susan Abdallah Ellen Salomonsen Ragnhild V.Gavshon
Tysk	Wenche mcDonnell
Fransk	Anne Josefine Stautland
Engelsk fordjuping	Ragnhild V.Gavshon Håvard Hegland Christopher Steensohn
Arbeidslivsfag	Ingvild Stautland Rune Eide



Ev. ønskje om byte av språkfag må meldast skriftleg av føresette før jul til rektor/rådgjevar.

## VALFAG

Fys.akt&helse	Mathias Meløy Nilsen Christopher Steensohn Petter Skimmeland Ingvild Stautland Edmund Lande
Design & redesign	Christopher Steensohn Hanne Flatøy Kjersti Lunde
Friluftsliv	Håvard Hegland Kristin A.Bergo Øydis Ottesen Anna R.Aasheim Martine Spratt
Innsats for andre:	Anders Andersson Jorunn M.L.Klippen
Prod. for Sal & Scene:	Åsmund Natås
Praktisk håndverk:	Vidar Birkeland



Ev. ønskje om byte av valfag må meldast skriftleg av føresette før 15.10.22 til rektor/rådgjevar.

## LEGEHJELP VED SKADE I SKULETIDA


1. Akutt sjukdom/skade der ein straks treng legehjelp/ambulanse
  - Då kontaktar skulen/barnehagen naudnummeret 113
2. Akutt sjukdom/skade der det trengst legehjelp innan timar/same dag
  - Då skal skulen/barnehagen eller foreldre kontakta fastlege eller hans/hennar vikar
3. Sjukdom/skade der legehjelp er naudsynt, men kan vente til påfølgjande dag(ar)
  - Då kan foreldre ordna legetime hjå fastlege eller hans/hennar vikar



## SKRIFTLEG EKSAMEN VÅREN 2022

Datoane for eksamen våren er fastsett – og vert slik:

fre.: 12.05.23	kl.09.00:
	Alle som skal ha skr. eksamen våren 2023 får opplyst trekkfag
man.: 22.05.23	Eksamen i matematikk
tirs.: 23.05.22	Eksamen i engelsk
ons.: 24.05.22	Eksamen i norsk hovudmål
tors.: 25.05.22	Eksamen i norsk sidemål



*(Dato for munnleg eksamen er ikkje fastsett enno, men blir truleg medio juni 2023 )*

## KJØP AV MJØLKEPRODUKT mm. på skulen

- Elevane kan velja mellom ulike varer frå Tine – sjå linken under
- Føresette tingar sjølv på [www.skolelyst.no](http://www.skolelyst.no)



**Den enkelte elev får først mjølk når føresette har betalt. Skulen får fortløpande lister frå Tine med namna på dei elevane som har betalt for denne ordninga. Dersom det er nokon som ikkje har tilgang til internett, så kan me ordna denne tinginga frå skulen.**

Stord ungdomsskule, 10. august 2022  
Rune V. Ask - Rektor

# BRUK AV DATAUTSTYR VED STORD UNGDOMSSKULE

## Generell informasjon



- Skulen sitt datautstyr er læremiddel og kan nyttast når undervisninga legg opp til det.
- Skulen sitt datautstyr er kopla i nettverk, slik at elevane kan nytta felles ressursar innan programvare, kunne lagra arbeid i sikra områder, og nytta kraftig internetttilgang.
- Elevane får egne brukarnamn, passord, e-postadresser og egne lagringsmapper.
- E-postsystemet er internettbasert og knytta til Stord kommune sin e-post server. Elevane kan motta og senda e-post på alle maskinar kopla til internett.
- All bruk av data ved skulen vert logga, og kan ved særskilde høve sporast attende til både maskin og brukar.

## Bruksreglar

- Brukarnamn og passord er personleg, og skal ikkje lånast ut til /nyttast av andre.
- Elevane skal lade PC heime og møte kvar dag med full-lada PC
- Elevane sine lærarar og skulen sine IT-ansvarlege har rett til å lesa og gjera endringar i elevane sine lagringsmapper.
- Det skal ikkje gjerast endringar / installasjonar på datamaskinane utan samtykke frå IT-ansvarleg ved skulen.
- Elevane skal straks gje melding til lærar / vakt dersom utstyret er skada eller om ein kjem til utstyr ute av drift.

## Internet-tilgongen

- Skal ikkje nyttast til søking etter, eller nedlasting av materiale eller program som ikkje er i samsvar med skulen sine ønske og etiske normar.
- Skal ikkje nyttast til å leggja ut propagandamateriell for særinteresser.
- Skal ikkje nyttast til aktivitetar som elles strir imot norsk lov.

Stord ungdomsskule 10.08.22

Rune Valvatne Ask



## **Informasjon til elevar og føresette om endringar i opplæringslova § 9A frå 1. august 2017:**



**Opplever du å bli mobba eller krenka på skulen skal skulen reagera straks. Her får du informasjon om rettar du har og plikter skulen har viss du opplever at skulemiljøet ditt ikkje er trygt og godt.**

### **Sei frå!**

Viss du ikkje har det bra på skulen må du eller foreldra dine melda frå til rektor. Du kan også seia det til kontaktlæraren din eller ein annan vaksen på skulen. Dei har plikt til å varsle rektor om korleis du har det. Rektor skal ta deg på alvor undersøkje kva som har skjedd. Dei vaksne på skulen skal gjera alt dei kan for å hjelpa deg.

### **Du skal få hjelp raskt**

Før det har gått ei veke skal skulen ta tak i situasjonen. Skulen skal laga ein skriftleg plan for korleis dei skal hjelpa deg, og du kan få vera med å laga planen viss du vil.

### **Dette har skulen plikt på seg til å gjera (aktivitetsplikta):**

Alle vaksne som arbeider på skulen har plikt til å følgja med, gripa inn og varsle viss dei får mistanke om eller kjennskap til at du ikkje har det trygt og godt på skulen. Så har skulen plikt til å undersøkje og setja inn inn tiltak som sørgjer for at du får eit trygt og godt skulemiljø.

### **Kva gjer du viss du meiner skulen ikkje gjer nok?**

Viss skulen brukar meir enn ei veke før noko skjer, kan du kontakta fylkesmannen i Hordaland. Du kan også gjera det dersom du meiner at dei tiltaka skulen set i verk ikkje hjelper. Fylkesmannen har plikt til å finna ut om skulen har gjort det dei kan. Dei kan også bestemta kva skulen skal gjera i saka. Skulen skal ikkje fatta enkeltvedtak lengre, det er det no Fylkesmannen som skal gjera i saker vert klaga inn for dei.

**Vil du vita meir kan du sjå på desse lenkene:**

[Utdanningsdirektoratet: Kva skal skulen gjera?](#)

[Informasjon frå Fylkesmannen i Hordaland](#)

[Null mobbing](#)

**Alle barn og unge har rett til eit trygt og godt skulemiljø utan mobbing og krenkingar. Viss du ikkje har det trygt og godt på skulen, skal skulen hjelpa deg.**

# GRATISPRINSIPPET I GRUNNSKULEN.

Følgjande lovverk gjeld:

## **Opplæringslova §2-15.**

§ 2-15. Rett til gratis offentleg grunnskuleopplæring. Elevane har rett til gratis offentleg grunnskuleopplæring. Kommunen kan ikkje krevje at elevane eller foreldra dekkjer utgifter i samband med grunnskuleopplæringa, til dømes utgifter til undervisningsmateriell, transport i skuletida, leirskuleopphald, ekskursjonar eller andre turar som er ein del av grunnskuleopplæringa.

## **Opplæringslova §2-15. Utdanningsdirektoratets tolkingsuttale:**

«..I rundskrivet er spørsmålet om eigenandeler til dekking av leirskule og andre turar, og spørsmålet om frivillige gaver og dugnad nærare omtalt. Det er for eksempel ikkje forbod mot å ta i mot frivillig innsats eller økonomiske bidrag så lenge dei kjem heile gruppa til gode. Det er ein føresetnad at ingen vert utsette for press til å yta denne innsatsen...»

## **Rundskriv F-14/03**

«Gaver, dugnader m.m.

*Opplæringsloven § 2-15 er ikke til hinder for at skolene kan ta imot ulike former for gaver (pengegaver, midler fra dugnadsinnsats og klassekasse, utstyr osv.) enten dette er fra næringsliv, foreldre, venneforeninger eller andre.*

*For at gaver og andre bidrag ikke skal komme i konflikt med retten til gratis grunnskuleopplæring, gjelder følgende: Gaver og andre bidrag må være reelt frivillige. Verken elever eller foreldre må føle seg presset til å bidra økonomisk.*

*Det kan ikke stilles krav om motytelser, for eksempel i form av reklame. Gaver og andre bidrag må brukes slik at de kommer hele gruppen/klassen eller flere til gode. Alle elever i gruppen/klassen må få delta i de samme aktivitetene, uavhengig av om deres foreldre har gitt gaver/andre bidrag til skolen eller ikke.*

*Ved eventuelle foreldrebidrag til klassekasser eller lignende må den/de som blir utpekt/valgt til å motta bidragene, sørge for anonymitet så langt det er praktisk mulig, slik at den enkelte forelders bidrag ikke blir kjent av de andre foreldrene/elevene. Bruk av klassekasse må være elev- og foreldrestyrt.»*

Stord ungdomsskule må ta ansvar for at ein oppfyller krava i opplæringslova § 2-15 om rett til gratis offentleg grunnskuleopplæring. Ein må i den samanheng sjå til at skulen sikrar at elevane i samband med turar, skidagar o.l. ikkje må betale eigenandel. For å stetta krava i Rundskriv F-14/03 må skulen gjera sitt til at føresette og elevar opplever at innbetaling til klassekasse er frivillig og anonymt.

# ORIENTERING TIL FØRESETTE

## SKULEHELSETJENESTA VED STORD UNGDOMSSKULE 2022-23

Skulehelsetenesta består av helsesjukepleiar (tidlegare helsesøster) og skulelege, og er eit lovpålagt tilbod.

Skulehelsetjenesta arbeider målretta. Dvs at elevane vert innkalla til helsesjukepleiar på grunnlag av tidlegare funn, eller etter ynskje frå eleven sjølv, føresette eller lærarar. Mange elevar tek kontakt med helsesjukepleiar på eige initiativ. Elevar som treng behandling /oppfølging vert oftast viste til fastlege. Helsesjukepleiar har anledning til å formidle kontakt med lege ved behov.



Helsesjukepleiar kan tilby samtale og rettleiing i høve til vekst og utvikling, kosthold, fysisk aktivitet, søvn, sex og samliv, psykisk helse, heimeforhold, mobbing, samspel foreldre-Ungdom m.m

Skulehelstjenesta arbeider tverrfagleg ved behov, med blant anna skule, fastlege, helsestasjon for ungdom, SLT koordinator, PPT, BUP og utekontakt, og deltek i BTI arbeid (betre tverrfølge innsats) rundt enkelt elevar.

Vi i skulehelsetjenesta har teieplikt og tenesta er eit lågterskeltilbod, forankra i «Helse- og omsorgstenestelova».

Skulehelsetjenesta har nokre faste rutineoppgåver. Av desse kan nevntast:

Elevar på 8.trinn vil få tilbod om enkeltsamtalar kring trivsel, skulemiljø, fritid, heimeforhold, kosthold, søvn, fysisk aktivitet m.m. Ein vil også få tilbod om å sjekke vekt og høgdeutvikling. Det vil bli undervisning i grupper om psykisk helse for elevar på 9.trinn. I tillegg vil det også bli tverrfagleg undervisning om «samliv og seksualitet» (helsesjukepleiar, lege, politi, SLT koordinator og SMISO, Senter for incest og seksuelle overgrep).

Elevar på 10 trinn får tilbod om vaksinerings mot difteri, stivkrampe, polio og kikhoste (kombinasjonsvaksine). Elevar og føresette vil få nærare informasjon i god tid før vaksinerings.

Helsesjukepleiar har opningstid for elevar på

**Stord Ungdomsskule kvar tysdag, onsdag og torsdag, kl 08.20-14.00,**

og kan treffast på tlf **90250107** også mandagar og fredagar. Ein kan og sende mail til [bente.sirnes@stord.kommune.no](mailto:bente.sirnes@stord.kommune.no)

Venleg helsing Bente Sirnes, Helsesjukepleiar Stord Ungdomsskule

## Rådgjeving- og sosialrådgjevingstenesta

Rådgjevingstenesta skal hjelpe og rettleie elevane i val av yrke og utdanning. Dette blir gjort gjennom informasjon, samtalar, refleksjon og faget *Utdanningsval*. Målet er å gjere elevane robuste og i stand til å ta gode val for seg sjølv i samband med val av vidaregåande utdanning. Samstundes ønsker me at kompetansen elevane får i å ta val, også er relevant seinare i livet. *Karrierelæring* og *livsmeistring* vil bli sentrale omgrep.

Korleis jobbar skulen med dette fagfeltet i 8. – 10. klasse? *Utdanningsval* er sentralt for å skape interesse, engasjement og refleksjon rundt elevane sine interesser og sterke sider. I tillegg vil skulen legge til rette for praktisk utplassering i yrkeslivet, hospitering på vidaregåande skule, informasjon – og møte med ulike utdanningar og yrke. Rådgjevinga kan vere i gruppe eller individuelt.

Samarbeidspartar for rådgjevar er vidaregåande skular, opplæring – og karrieresenter og lokalt næringsliv.

Sosialrådgjevingstenesta skal vere ei støtte og hjelp for elevar som opplever at kvardagen er vanskeleg. Det kan vere i samband med personlege, sosiale og emosjonelle vanskar. Sosialrådgjevingstenesta har tett kontakt med andre hjelpeinstansar, særleg helsesjukepleiar ved skulen.

Noko du lurar på? Noko du vil dele og snakka om? Ta kontakt!

Med venleg helsing Rune Eide.

Rådgjevar/ sosiallærer

[rune.eide@stord.kommune.no](mailto:rune.eide@stord.kommune.no)

Tlf; 53 40 44 46 / 97152799



# viblnno

# UTEKONTAKTEN OG UNGDOMSKONTAKTEN PÅ STORD



Utekontakten og Ungdomskontakten er ei oppsøkande og tilgjengeleg teneste for ungdom og unge vaksne i alderen 13 til 23 år. Tenesta er for alle ungdomar i Stord kommune og nettverket deira.

Du kan ta kontakt med oss når du ynskjer nokon trygge vaksne å prate med, eller om du skulle trenge råd, rettleiing eller hjelp, uansett kva det måtte vere.

Me bidreg også med råd og rettleiing til foreldre/pårørande og samarbeidspartnarar som tek kontakt med oss, og samarbeider med andre som har kontakt med ungdom på Stord. Ungdomskontakten arbeidar tett opp mot skule i saker der ungdom kan ha vanskar med å gå på skule.

Me arbeidar oppsøkande på ulike arenaer der ungdom er. Blant anna besøker me ungdomsskulane og vidaregåande skule kvar veke. Dette gjer me for å vere ein tilgjengeleg del av hjelpeapparatet for elevane.

Me har drop-in tilbod «Open stove» kvar tysdag kl. 14.00-15.30 og kvar torsdag kl. 15.00-18.00. «Open stove» betyr at du kan komma innom i stova utan avtale, for å spela kort eller biljard, prata om laust og fast, eller berre vera.

Dersom du vil ha råd og tips, kanskje du er bekymra for en venn og lurar på kva du skal gjera? Ring, ta kontakt på sosiale mediar eller stikk innom:

Telefon: 53 49 66 44

Besøksadresse: Hamnegata 22, 5411 Stord

E-postadresse: [utekontakten@stord.kommune.no](mailto:utekontakten@stord.kommune.no)

Nettside: [stord.kommune.no/utekontakten](http://stord.kommune.no/utekontakten)

Kontaktpersonar:

Bodil, tlf: 97 55 21 24

Jostein, tlf 47 62 97 37

Bente (Ungdomskontakt), tlf: 99 01 90 23

Mari, tlf 46 47 21 08



Følg oss gjerne på sosiale mediar:

**Facebook:** Utekontakten Stord, **Instagram:** Utekontakten\_Stord, **SnapChat:** utekontaktstord

## FØRING AV FRÅVÆR PÅ VITNEMÅLET

Viser til Opplæringslova § 3-41

- Frå og med 8. årstrinnet skal alt fråvær førast på vitnemålet. Fråvær skal førast i dagar og enkelttimar. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.
- Eleven eller foreldra kan krevja at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet. Dette gjeld berre når eleven har lagt fram dokumentasjon på årsaka til fråværet.
- Dersom det er mogleg, skal eleven leggja fram dokumentasjon av fråværet frå opplæringa på førehand.
- For inntil 10 skuledagar i eitt opplæringsår, kan eleven krevja at følgjande fråvær ikkje vert ført på vitnemålet.
  - a) Dokumentert fråvær som skuldast helsegrunnar.
  - b) Innvilga permisjon etter opplæringslova § 2-11.

For at fråvær som skuldast helsegrunnar etter bokstav a ikkje skal førast på vitnemålet, må eleven leggja fram ei erklæring frå lege som dokumenterer dette.

Fråvær som skuldast helsegrunnar må vara i meir enn tre dagar, og det er berre fråvær frå og med fjerde dagen som kan strykast.

Ved dokumentert risiko for fråvær etter bokstav a på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan fråvær strykast frå og med første fråværsdag.

## Desse vil du kunne møte på ved Stord ungdomsskule hausten 2022

Aamot	Trude	kl.styrar 8A
Aasheim	Anna Therese	faglærer
Abdallah	Susan	kl.styrar inf.kl.
Almås	Anita	faglærer
Almås	Hans Petter Ulvebne	faglærer / MOT-coach
Andersen	Gro Røhne	kl.styrar 8B
Andersland	Brit Utbjoe	faglærer
Andersson	Anders	kl.styrar 10D
Ask	Rune Valvatne	rektor
Bergo	Kristin Ankervold	kl.styrar 8A
Birkeland	Vidar	kl.styrar 9B
Bøthner	Franny	kl.styrar 10B
Eide	Rune	rådgjevar/sos.lærer
Flatøy	Hanne	kl.styrar 9D
Gavshon	Ragnhild Valvatne	faglærer / MOT-coach
Gjeraker	Elisabeth	kl.styrar 9C
Haukaas	Lise	faglærer
Havnerås	Brita	vernepleiar
Hegland	Håvard	kl.styrar 9C
Klippen	Jorunn Marie Laukham	kl.styrar 9B
Lande	Edmund	kl.styrar 8E
Lunde	Kjersti	faglærer
Martinsen	Stian	vernepleiar
McDonnell	Wenche	kl.styrar 10D
Myhre	Henny	faglærer
Natås	Åsmund	kl.styrar 10C
Nesbø	Eldrid Aadland	kl.styrar 10A
Nilsen	Mathias Meløy	kl.styrar 9A
Nilsen	Rune	ass.rektor
Notland	Bjørg Marit	kl.styrar 8D
Nysæter	Jørgen	fagarbeidar
Nøking	Marit	kl.styrar 9D
Olsen	Sofie Engevik	fagarbeidar
Onarheim	Christina	lærer i inf.kl.
Ottesen	Øydis	kl.styrar 8C
Salomonsen	Ellen	kl.styrar 8D
Saue	Inger	kontor
Sirnes	Bente	helsesjukepleiar
Skimmeland	Petter Hovland	kl.styrar 8C
Skåtevik	Tone Margunn	kl.styrar 10B
Spratt	Martine Engelsen	kl.styrar 10A
Stautland	Anne Josefine	kl.styrar 10C
Stautland	Ingvild	kl.styrar 9A
Steensohn	Christopher	kl.styrar 8B
Stuve	Anne Gunn	fagarbeidar
Tanggaard	Ellen	kl.styrar 8E
Ulgenes	Anita	vernepleiar
Vedøy	Jan Inge	faglærer



## Skulerute for grunnskulane i Stord kommune 2022-2023

- Elevfrie dagar i grunnskulen
- Planleggingsdagar

Veke nr	AUGUST 2022							Veke nr	SEPTEMBER							Veke nr	OKTOBER						
	M	T	O	T	F	L	S		M	T	O	T	F	L	S		M	T	O	T	F	L	S
							35				1	2	3	4	39							1	2
31	1	2	3	4	5	6	7	36	5	6	7	8	9	10	11	40	3	4	5	6	7	8	9
32	8	9	10	11	12	13	14	37	12	13	14	15	16	17	18	41	10	11	12	13	14	15	16
33	15	16	17	18	19	20	21	38	19	20	21	22	23	24	25	42	17	18	19	20	21	22	23
34	22	23	24	25	26	27	28	39	26	27	28	29	30			43	24	25	26	27	28	29	30
35	29	30	31													44	31						

Veke nr	NOVEMBER							Veke nr	DESEMBER						
	M	T	O	T	F	L	S		M	T	O	T	F	L	S
44		1	2	3	4	5	6	48				1	2	3	4
45	7	8	9	10	11	12	13	49	5	6	7	8	9	10	11
46	14	15	16	17	18	19	20	50	12	13	14	15	16	17	18
47	21	22	23	24	25	26	27	51	19	20	21	22	23	24	25
48	28	29	30					52	26	27	28	29	30	31	

Veke nr	JANUAR 2023							Veke nr	FEBRUAR							Veke nr	MARS						
	M	T	O	T	F	L	S		M	T	O	T	F	L	S		M	T	O	T	F	L	S
						1	5			1	2	3	4	5	9			1	2	3	4	5	
1	2	3	4	5	6	7	8	6	6	7	8	9	10	11	12	10	6	7	8	9	10	11	12
2	9	10	11	12	13	14	15	7	13	14	15	16	17	18	19	11	13	14	15	16	17	18	19
3	16	17	18	19	20	21	22	8	20	21	22	23	24	25	26	12	20	21	22	23	24	25	26
4	23	24	25	26	27	28	29	9	27	28						13	27	28	29	30	31		
5	30	31																					

Veke nr	APRIL							Veke nr	MAI							Veke nr	JUNI						
	M	T	O	T	F	L	S		M	T	O	T	F	L	S		M	T	O	T	F	L	S
13						1	2								22				1	2	3	4	
14	3	4	5	6	7	8	9	18	1	2	3	4	5	6	7	23	5	6	7	8	9	10	11
15	10	11	12	13	14	15	16	19	8	9	10	11	12	13	14	24	12	13	14	15	16	17	18
16	17	18	19	20	21	22	23	20	15	16	17	18	19	20	21	25	19	20	21	22	23	24	25
26	24	26	26	27	28	29	30	21	22	23	24	25	26	27	28	26	26	27	28	29	30		
								22	29	30	31												

Månad	Dato	Tekst	Elevdagar
August	10.-12.	Planleggingsdagar	
	15.	Første skuledag for elevane	13
September			22
Oktober/v.41	10.-14.	Haustferie	16
November	11.	Elevfri dag/ interkommunal planleggingsdag	21
Desember	16.	Siste skuledag for elevane før jul	12
Januar	03.	Første skuledag for elevane etter jul	
	27.	Elevfri dag/ interkommunal planleggingsdag	20
Februar/v.9	27.-28.	Vinterferie	18
Mars	01.-03.	Vinterferie	
	13.	Elevfri dag/ interkommunal planleggingsdag	19
April	03.-10.	Påskeferie	14
Mai	01.	Fridag	
	17.	Nasjonaldag	
	18.	Kristi himmelfartsdag	
	19.	Fridag	
	29.	2. pinsedag	18
Juni	23.	Siste skuledag for elevane før ferien	17
Elevdagar totalt:			190